
Fra: Heidi Urdal Ved?? <heidi_urdalV@outlook.com>
Sendt: 3. mai 2017 00:00
Til: Postmottak Lindås

Heidi Urdal Vedå
Hosøyvegen 117
5993 Ostereidet

Lindås kommune
Plan - og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Hosøyvegen Småbåthavn, gbnr 11/135

Generelt:

Planforslaget er auka stort i omfang frå den opprinnelege planen, der det var snakk om flytebryggje til 30-40 småbåtar.

Dette anlegget vil vera til stor sjenanse for oss som bur i strandsona. Ser det er teke omsyn til nærmeste hyttenabo. Kva med oss fastbuande?

Anlegget vil ta heile utsikta vår. Kva kompensasjon får me for dette?

Bygging av skur/boder til oppbevaring ser eg ikkje som naudsynt, då brukarane kan ta dette med når det trengs.

Avfallscontainer vert og eit skjemmande syn i strandsona

Brann – og eksplosjonsfare er merka med gult i risikomatrise. Ein brann eller eksplosjon i havna, vil vera til stor fare for oss som bur her, og eigedomen vår er særleg utsett.

Trafikkmessig er det kun tatt med dagens estimerte trafikk. Dette meinar eg blir feil, når hytteeigarar er ofte på tur til hyttene sine. Dessuten vil trafikken auka mykje dersom havna vert bygd.

Her er born som ofte nyttar vegen til sykling, og folk i alle aldra nyttar vegen til turgåing. At vegfyllinga er oversiktleg kan ikkje reknast med, då resten av vegen ikkje er det. Dagens fartsgrense vil dermed bli for høg.

Luktforureining står det lite om. Her vil vera ureining frå båtar, bilar og evt toalettfasiliteter. Samt evt utslepp av kjemikalier i sjø.

Badeplassar vil og bli berørt av utslepp

Støyforureining vil og bli forhøga av bilar og båtar til og frå, og evt tomgangskøyring.

Dette vil og gjelda ved bygging av havna

Ved vask og stell av båtar her, vil ureininga bli stor, og i verste fall kan ikkje me vera ute pga dette.

Evt boder er det skrevet lite om. Størrelse og utforming burde vore med i planane, samt innteikna i planane.

Er dyreliv nok utreda?

Makrellterner (sterkt trua), tjeld, hegра, ender, gjess og havørn. Her er og observert fiskeørn, og i seinare tid røy (storfugl).

Oter er her også, noko som ikkje er nemt i planen.

Påverknaden på dyre- og fugleliv vil nok bli større enn beskrevet.

Er veg og grunn undersøkt nok til å forsikra oss om sat vegen vil tåla belastninga den vil bli utsett for?

Reknar med desse kommentarane vil bli tatt i betraktning.

Mvh

Heidi Vedå